



Møteprotokoll for Kommunestyret i Radøy

Møtedato: 22.06.2016
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 12.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Liv Berit Rath	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Vidar Grindheim	H	Medlem
Normann Sæbø	H	Medlem
Henning Haugland	H	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Medlem
Martin Soltveit	SP	Medlem
Laila Seilfaldet Pletten	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
Ståle Villanger	V	Medlem
David Pletten Aasgard	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Morgan Taule	AP	Medlem
Wenche Linda Kalnes Tveranger	FRP	Medlem
Frode Hervik	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
--------------------------	-------	------------------

Ann Christin Hoen	AP	Morgan Taule - AP
Lena Kristin Bø Nilsen	FRP	Wenche Linda Kalnes Tveranger FRP
Agnes Hoshovde Bernes	V	Frode Hervik - V

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, møtesekretær Arthur Kleiveland

Saksliste

Saksnr	Tittel
--------	--------

039/2016	Saman i ny kommune - eller halda fram som eigen kommune
----------	---

039/2016: Saman i ny kommune - eller halda fram som eigen kommune

Behandling:

Ordførar Jon Askeland ønskte velkomen til eit historisk møte i Radøy kommunestyre - for historisk er det, same kva utfall vedtaket i den einaste saka på dagsorden vert. Han peika også på det historiske i at kommunestyra i Radøy, Lindås og Meland "akkurat no" startar kommunestyremøte der same saksutgreiing og same innstilling ligg føre.

Ordføraren presenterte dei siste endringane som er gjort i intensjonsavtalen mellom Radøy, Lindås og Meland.

Det var på førehand avtalt at gruppeleiarane for dei ulike parti skulle ta ordet først og gje uttrykk for sine synspunkt og partiet si røystegjeving. Gruppeleiarane/talspersonar hadde sine innlegg i følgjande rekkjefølgje: Jostein Borlaug (Ap), David Pletten Aasgard (KrF), Agnes Hoshovde Bernes (V), Roy Bø (FrP), Kenneth Taule Murberg (H), Leif Taule (Sp).

Silje Namtvedt (SP) meiner det ikkje er noko endeleg krav at kommunane må gjera sine vedtak innan 1. juli 2016. Ordføraren svara at Regjeringa og Stortinget har sett 1. juli som endeleg frist for å gje tilbakemelding i kommunereforma. Han peika på at utsetjingsframlegg kan ha som logisk konsekvens at det vert tolka som å gå vidare som eigen kommune.

Namtvedt sette fram følgjande framlegg:

Saka vert utsett.

Utsetjingsframlegget frå Silje Namtvedt (SP) fekk fem røyster (5 SP) og fall.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding med 20 mot 5 røyster.

Følgjande røysta for: Ap 5, Høgre 5, Sp 4, KrF 2, Venstre 2, Frp 2.

Følgjande røyst mot: SP 5 (Silje Namtvedt, Martin Soltveit, Dag Sætre, May Britt V. Gjerde, Laila Seilfaldet Pletten).

Ordføraren takka for ein verdig og god debatt og han konkluderte med at eit historisk vedtak er fatta - på årets lengste dag. Han forsikra at Radøy sine folkevalde går inn i den nye kommunen for å kjempa for innbyggjarane sine interesser.

Ordføraren understreka at me no skal byggja ein ny kommune av noverande Radøy, Lindås og Meland, med levande bygder, og eit sterkt sentrum. Ordførarane kjem saman etter sommarferien og vil saman med formannskapa leggja opp framdriftsplan til kommunestyret til hausten.

Den nye kommunen vil formelt verta etablert frå 1.1. 2020. Radøy-ordføraren sa at han vil ha ein framoverlent ny kommune, som leitar etter moglegheitene og finn løysingane som ligg framfor oss.

For å skildra håpet, viljen og den lyriske retningen framover, siterte ordføraren Lindås-lyrikaren Åslaug Låstad Lygre sine vakre og våre verseliner i songen om Sumarnatta:

"Vi skal ikkje sova bort sommarnatta, ho er for ljøs til det. Då skal vi vandra i saman ute, under dei lauvtunge tre".

Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner framlegget til søknad om å slå saman kommunane Lindås, Meland

og Radøy (vedlegg 1).

2. Kommunestyret godkjenner forhandlingsutvalet sin intensjonsavtale (vedlegg 2) som grunnlag for samanslåing av kommunane Lindås, Meland og Radøy.
